
Saknr: 2020/38279-1
Saksbehandlar: Nils Tore Eldegard

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		13.02.2020
Fylkesutvalet		14.02.2020

Overføring av kontraktsansvar for flyruter i Sør-Norge

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune ser fram til å ta over kontraktsansvar for flyruter på kortbanenettet i Vestland. Flyrutene er viktige for utviklinga i Vestland.
2. Vestland fylkeskommune ønsker ikkje å ta over ansvaret for kontraktane før 1.1.2021, men vil ønske å tre inn i ansvaret ein gong i perioden 1.1.2021 - 31.3.2024. Røynsle med drift av avtalen vil vere viktig grunnlag for neste avtale, og overtaking bør skje gjennom dialog og forhandling med Samferdselsdepartementet.
3. Vestland fylkeskommune ber om at Kommunal- og moderniseringsdepartementet utarbeider og offentliggjør ny kostnadsnøkkel i inntektssystemet seinast 1.1.2021
4. Vestland fylkeskommune går i dialog med Møre og Romsdal fylkeskommune for å avklare samarbeid om neste anbudsutlysning av flyruter på kortbanenettet.

Samandrag

Fylkesrådmannen meiner den økonomiske risikoen er for stor ved å ta over kontraktsansvaret for flyruter i 2020. Røynsle med drift av avtalen vil vere viktig grunnlag for neste avtale, og overtaking bør skje gjennom dialog og forhandling med Samferdselsdepartementet. I denne dialogen er kunnskap om samanhengar og bindingar i avtalen viktig, i tillegg til økonomisk risiko og kompensasjon. Overtaking av kontrakten vil naturleg skje ein gong mellom 1.1.2021 og 31.3.2024.

For å kunne gjennomføre ein god politisk og administrativ prosess på innkjøp frå 1.4.2024 må fylkeskommunen få informasjon om økonomien i samband med overføring av ansvar til regionalt nivå.

Det er nødvendig med samhandling med Møre og Romsdal fylkeskommune for å hente ut eventuelle synergjar ved felles anbod.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
Fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift
Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Statleg kjøp av regionale flyruter.

Som hovudregel er det fri marknadstilgang til flyruter i Norge og mellom Norge og resten av EØS-området. Det er fri prissetting og ikkje trafikkløst for slike ruter.

Der marknaden åleine ikkje gir eit tilfredsstillande flyrutetilbod, kan staten pålegge forplikningar til offentleg tenesteyting (FOT) på ei flyrute. Det gjeld krav til kapasitet, frekvens, ruteføring m.m. Dersom flyselskap ikkje vil fly i samsvar med forplikningane utan tilskot, kan staten kjøpe slike flyrutetenester etter gjennomført konkurranse. Tilgang til ruta kan avgrensast til eitt luftfartsselskap for eit tidsrom på inntil fire år i Sør-Noreg. Alle godkjente flyselskap i EØS-området kan legge inn tilbod.

Stortinget slutta seg våren 2017 til regjeringa sitt forslag om å overføre ansvar for kjøp av innanlandske flyruter til regionalt nivå som en del av regionreforma, jf. Prop. 84 S (2016-2017 og Innst. 385 S (2016-2017). Overføring av ansvar for kjøp av innanlandske flyruter til regionalt nivå skjer seinast i samband med ny anbudsperiode 1. april 2024.

Vestland fylkeskommune vil få ansvar for kjøp av FOT-rutetilbodet mellom kortbaneflyplassane i fylket og til/frå Bergen og Oslo. For å sikre rutedrifta har departementet inngått kontrakt med Widerøe for perioden 1. april 2020 til 31. mars 2024. I denne kontrakten er det klausul om ansvarsoverføring slik at fylkeskommunen kan tre inn i denne kontrakten utan tilleggsavtale med operatøren.

Departementet har i brev datert 29. november 2019 invitert fylkeskommunen til å overta kontraktsansvar for denne kontrakten i løpet av avtaleperioden. Departementet har signalisert at det er lite aktuelt å overføre disse kontraktane før 1. januar 2021, men i invitasjonsbrevet er det opna for overføring frå 1. juli 2020.

Den aktuelle kontrakten omfattar ruter til/frå flyplassane i Sogndal, Sandane, Førde, Hovden, Bergen og Oslo. Med bakgrunn i det, er det nødvendig med ei samordning med Møre og Romsdal fylkeskommune slik at alt eller ingenting av kontraktsansvar vert overført til regionalt nivå.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet

Vurderingar og verknader

Kunnskapsoverføring.

I invitasjonsbrevet skriv departementet:

Med tanke på at avtaleperioden for de nylig inngåtte kontraktene starter etter at den nye fylkesstrukturen er etablert og varer i flere år etter dette, anser departementet at det vil være hensiktsmessig at disse etter hvert overføres til de berørte fylkeskommunene. Overføring av kontraktsansvaret vil kunne være et viktig bidrag i å forberede en ev. ny flyruteanskaffelse for perioden etter 31. mars 2024. En overføring av kontraktsansvaret vil gjøre fylkeskommunene bedre kjent med de aktuelle flyrutene, operatøren, driftsrapportering som bl.a. dekker passasjerinntekter, passasjertrafikk og regularitet, samt reforhandlinger.

I workshop i departementet 15. oktober kom det fram at det vert gjennomført om lag eitt møte pr. år mellom departement og operatør. Etter fylkesrådmannen si vurdering vil difor det meste av kunnskapsoverføring uansett måtte gjennomførast i direkte samhandling mellom departementet og fylkeskommunen. Røynsle med drift av avtalen vil vere viktig grunnlag for neste avtale, og overtaking bør skje gjennom dialog og forhandling med Samferdselsdepartementet. I denne dialogen er kunnskap om samanhengar og bindingar i avtalen viktig, i tillegg til økonomisk risiko og kompensasjon. Overtaking vil naturleg skje ein gong mellom 1.1.2021 og 31.3.2024.

Økonomi.

I invitasjonsbrevet skriv departementet:

På overføringstidspunktet vil fylkeskommunene få overført budsjettmidler tilsvarende det Samferdselsdepartementet utbetaler for den aktuelle kontrakten, samt ev. tillegg grunnet avsluttede reforhandlingssaker. For påfølgende år er det ordinær praksis at

fylkeskommunene kompenseres for økte avgiftssatser eller regelendringer som gir fylkeskommunene økte kostnader. Dette vil imidlertid være en årlig budsjettsak. Samferdselsdepartementet vil fremover ha en dialog med fylkeskommunene knyttet til en ev. kontraktsoverdragelse og ansvarsoverføringen mer generelt.

Departementet har i tillegg vore tydelege på at det ikkje vil fylgje med midlar til å dekke administrative kostnader.

Slik fylkesrådmannen ser det er det ein viss økonomisk risiko knytt til overtaking av kontraktsansvar. Denne risikoen og det faktum at handlingsrommet for å påverke transporttilbudet innanfor eksisterande kontrakt er svært avgrensa, gjer at fylkesrådmannen ønsker dialog og forhandling med Samferdselsdepartementet før overføring av kontraktsansvar til fylkeskommunen for den aktuelle kontrakten.

Vestland fylkeskommune må i løpet av 2020 starte med førebuing av anbod for perioden etter 1. april 2024. I samband med dette arbeidet og påfølgande politisk handsaming blir det avgjerande å få informasjon om kva overføringar som kjem frå staten. Det er difor nødvendig at staten seinast 1. januar 2021 kjem med informasjon om storleiken på overføringane til kjøp av FOT- ruter.

Avklaring og samspel med Møre og Romsdal fylkeskommune.

Sidan FOT-rutetilbudet i Sogn og Fjordane/Møre og Romsdal er lagt inn i ein felles anbodspakke må spørsmålet om overføring av kontraktsansvar avklarast med Møre og Romsdal fylkeskommune.

Møre og Romsdal fylkeskommune opplyser at administrasjonen vil legge fram sak for politisk nivå der dei vil foreslå å vente med overtaking av ansvar for FOT-rutene til oppstart av ny kontrakt 1. april 2024.

Det er truleg positive synergjar ved å samordne innkjøp av FOT-ruter i ein rutepakke og fylkesrådmannen legg til grunn at ein må gå i dialog med Møre og Romsdal fylkeskommune om ein innkjøpsprosess fram mot eventuelt ny felles kontrakt frå 1.4.2024.

Konklusjon

Fylkesrådmannen meiner den økonomiske risikoen er for stor ved å ta over kontraktsansvaret for flyruter i 2020.

For å kunne gjennomføre ein god politisk og administrativ prosess på innkjøp frå 1.4.2024 må fylkeskommunen få informasjon om økonomien i samband med overføring av ansvar til regionalt nivå. Overtaking av kontraktsansvar bør skje etter dialog og forhandling med Samferdselsdepartementet , og det er naturleg med ei overtaking i tidsrommet 1.1.2021 - 31.4.2024.

Det er nødvendig med samhandling med Møre og Romsdal fylkeskommune for å hente ut eventuelle synergjar ved felles anbod.